

2007

FRITIO I OS

fritio 30 år 1977-2007

Program



Benjamin Langeland©Nox

Os

15.mars-25.mars

www.fritio.osfilm.no

Fritio i Os fyller 30 år

Opptakten til Fritio var ei bygdakunstutstilling i 1977 i regi av Os målarklubb. Dette var ei mønstring av kva folk laga med hendene sine på fritida, einaste kriteriet var at det var fritidsarbeid. Utstillinga var sær s vellukka, og dette gav meirsmak. Dei som stod bak, planla ei mykje større mønstring året etter. Fritio i 1978 vart såleis den fyrste altomfattande kulturveka: Sju dagar med konsertar, kabaretar, barnetimar og revy, og sjølvsgagt bygdakunstutstilling. Dette var ein kulturdugnad av tidlegare ukjent format, mange aktørar fekk vera med, marknadsføringa var god, og det vart pengar i kassa for dei ulike laga som var med. Etter Fritio i 1979 vart Os Bygdakunstlag organisert som ein paraplyorganisasjon for frivillige lag i Os, og frå då av har styret for bygdakunstlaget vore kjernen i hovudkomiteen for Fritio. I programheftet for Fritio i 1978 står det: "Det symbolet vi har valt for tilskipinga "Fritio i Os", er ei gamal lysekole. I lys-skjelvet frå slike koler vart mykje av grunnlaget til for den bygdekulturen som vi ønskjer å knyta band til – og ønskjer å føra vidare. Trass i skrøpelege vilkår på mange vis, vart det i eldre tider skapt mykje bra handverk, husflid, musikk og forteljekunst på bygdene.

Nokre meiner kan henda at dette er ein døyande tradisjon. "Fritio i Os" er eit eksperiment med det store mål å prova at det er liv i skapargleda enno. Og ikkje berre det, kan henda står det betre til i så måte i dag enn for hundre eller to hundre år sidan." Ideen har elles vore:

Mønstring av lokale krefter. Ikkje-kommersielt, ingen skal tena på Fritio, anna enn laga. Trua på at det noko å henta ved å ta eit slikt kulturløft i lag. I samsvar med dette har òg pengane vorte fordelte. Noko har laga fått, og bygdakunstlaget har kunna byggja opp lys- og lydutstyr som har kome laga til gode, i tillegg til at bygdakunstlaget har kunna gje økonomisk støtte til enkelttiltak. Den største investeringa var innkjøp av amfi til Fjellheim, rett nok med store tilskot frå Os kommune. Med eit par unnatak har Fritio vore arrangert annakvart år. Publikumsframmøtet har ikkje vore som ein kunne ønskja dei seinare åra, derfor er det gjort nokre endringar i Fritio 2007. For første gong er Fritio lagt til våren, og det skal bli spanande å sjå kva osingane tykkjer om dette.

SOUL-KONSERT i Fjellheim **torsdag 15. mars kl. 19.00**



The Commitments, filmen frå 1991 med historia om "The Hardest Working Band In The World" der soul-musikken står i fokus.

Presentasjon av songarar, musikarar og korps: Gina Aspenes har deltatt i Idol, ho kom så langt som til delt 11. plass i 2006. Eirik er eigentleg trommis i eige band, men som songar er han også med på mange oppsettingar i Os, og høyrst ut som solisten i filmen, aldersmessig er dei òg nokså like. Koristane går alle i andre klasse på musikklinja på Langhaugen skole i Bergen. Pianist, el- og bassgitaristane har alle ein bakgrunn frå Os & Kuventræ skulekorps. Og skulekorpset kan skryta av at dei vann janitsjarklassen på Mangerfestivalen i oktober 2006, for andre år på rad, og kjem til konsert i Fjellheim meir eller mindre direkte frå konkurranse i Grieghallen 10. mars 07.

På repertoaret 15. mars er m.a. låta Mustang Sally (framføring av Eirik) som ein av favorittane og godt kjend over heile verda, og andre som passar godt på Vestlandet: I can't stand the Rain (framføring av Gina). Denne låta er og ein av favorittane til Torill Sivertsen.

The Commitments som band har aldri eksistert, men musikarane som var med i filmen reiser framleis verda rundt og held konsertar med soulmusikken frå filmen.

Os & Kuventræ skulekorps saman med songarar og musikarar presenterer dei fleste låtane frå filmen, og ynskjer velkommen til årets SOUL-KONSERT!

Billettar:
(førehandsal
hjà skulekorps-
musikantane og
ved inngang):

Vaksne
kr 80,-

Barn 10-16 år
kr 40,-

Barn under
10 år + musikantar
i skulekorps gratis.

Dirigent:
Gry Pladsen
Solistar:
Gina Aspenes og
Eirik Strønen Søfte-
land
Kor:
Marit Drivenes, Anne
Sophie Endresen,
Kristine Norebø
Keyboard:
Kim Eirik Midtseter
Baryton-sax:
Tom Nygaard
El-gitar:
Ole Andre Midtseter
El-bass: Leif Herland
Trommer:
Kristoffer Kristiansen
Storband og ar-
rangør: Os & Kuven-
træ skulekorps

Korpsmønstring.

Fjellheim

Tid:

Onsdag

21.03.

kl. 19.00

Billetter:

Vaksne

kr 75,-

Barn

kr 40,-



Korpsmiljøet i Os er aktivt og i stendig vekst. Eit eksempel på dette er Os & Kuventræ Skulekorps som ikkje har mindre enn fire grupperingar, og som stendig går nye vegar for å rekruttera medlemmer til hovudkorpset.

Osbygda kan skilta med

Fire vaksenkorps og to skulekorps, og på denne konserten vil du få høyra eksempel på det aktive miljøet.

Velkomen til ein flott korpskveld!

Arr. Os Musikkforening.





GJENSIDIGE

RING 03100

Med Gjensidige er ditt forsikringskontor aldri langt unna. Besøk oss eller se www.gjensidige.no.

A2/01.61



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet



Os Servicesenter AS

Din bensinstasjon midt på Os.

Best

Vi er med på Fritio i Os

Ikke berre for at me er Best

DnB NOR

www.dnbnor.no

tlf. 04800

Fleirkulturell aften



**Fjellheim
søndag
25. mars
kl. 16.00.**

Billetter:

**vaksne
kr 80,-**

**barn
kr 60,-**



Som ei avslutning på Fritio-programmet blir det arrangert Internasjonal fest i Fjellheim søndag 25. mars 2007 kl. 16.00. På festen presenterer vi forskjellige innslag frå mange ulike land og kontinent - eit program som passar for heile familien! Programmet er rikhaldig og består av musikk, song, dans, drama og intervju, og gjennom programinnslaga ønskjer vi å gi eit inntrykk av kva som finst av ressursar blant osingar med ulik etnisk bakgrunn. I tillegg til underhaldning vil det bli mogeleg å smaka på mat frå mange ulike land. Maten blir laga og presentert av innvandarane sjølv. Arrangementskomiteen består av Diakoniutvalet i Os Kyrkjelyd i samarbeid med representantar frå ulike innvandrargrupper i Os, pluss representantar frå Os Kommune ved Kulturkontoret/Flyktingetenesta og Vaksenopplæringa.

FELLESKONSERT VED FEM AV KORA I OS



Kor-rørsla i Os samlar kreftene til konsert i Os kyrkje onsdag 21.03.07. kl 1930. Saman har vi ønskje om å løfta taket i Os kyrkje, med fellesnummer, der alle kora skal syngja saman.

Det blir Os kammerkor m/dirigent Karina Lange, Os vocalis m/dirigent Tore Kloster, Os mannskor m/dirigent Ove Petersen, Os blandakor m/dirigent Johan Sebastian Blum og Lysekoret m/dirigent Belinda Lerøy.

Nokre av desse kora har hatt konsert saman tidlegare, men det er første gong det vert arrangert konsert for alle saman. Kwart kor vil ha si eiga avdeling med allsidig repertoar. Det vil bli til saman ca 150 songarar, og dette er kanskje det største koret som har sunge i Os kyrkje, så dette er absolutt noko å ta med seg. Det kan bli lenge til neste gong.

*Onsdag
21.3. i
Os kyrkje*

Billettar:

*vaksne
kr 150,-*

*barn
kr 75,-*

NattJazz



Det er egentleg fjorårets julejazz som går av stabelen noko forseinka i samband med Fritio 2007. Dermed skulle det vera all grunn til å tru at det er ekstra godt førebudde musikarar som ønskjer velkomne til jazzkveld i kjellaren i Fjellheim fredag 23. mars. Vertskap for kvelden er Kvintessens med Tone Linn Mjånes, men det er fleire andre som også vil gjera sitt yttarste for at publikum skal få ein hyggeleg kveld. Vi kan lova musikk med røter i New York, New Orleans, Newcastle, Brasil og Afrika, i tillegg til meir moderne rytmar.

Det vert sal av forfriskingar.

Fjellheim fredag

23. mars

kl 20.00

Billettpris

kr 100,-

Frynsekonsertar i FRITIO.



Tradisjonen tru vil Musikk- og kulturskuleelevar halda Frynsekonsertar i FRITIO. Det blir ein halvtimes konsert av enkeltelevar og små og større grupper frå måndag 19. mars til torsdag 22. mars. Det å opptre er ein viktig del av undervisninga for våre ca. 400 elevar i alderstrinnet 0 til 20 år. Dei yngste blir nok ikkje med, men me reknar med at om lag 100 elevar vil vera i sving på desse Frynsene. I år blir Frynsekonsertane i Fjellheim, kjellarsalen – ca. tre kvarter før FRITIO-forestillingane startar oppe i hovudsalen. Det er vel verdt å vera ute i god tid og få med seg desse små-konsertane.

MUSIKK-og KULTURSKULEN

56 30 20 50

Krinsrevy



Revygruppene i Lysefjorden, Os, Søre Neset, Nore Neset, Søfteland, pluss Elvblesten, har samla nye og gamle revynummer i eigen krinsrevy. Her blir det mykje lått og løye.

I pausen og etter framsyninga laurdag vert det sal av forfriskingar.

Dersom etterspurnad, ekstraframsyningar laurdag, søndag, tysdag kl.21.00.

Fjellheim

**Bilettar
kr 150,-**

**Laurdag
17.03.07**

**Søndag
18.03.07**

**Tysdag
20.03.7**

**Alle dagar
kl 18.00**



Born to be...

www.amesto.no



...regnskapsfører

amesto

Amesto er seriøst opptatt av økonomistyring.
Derfor har vi gjort det til en livsstil.
www.amesto.no

Spør *Late* *Spør* *Harve* *Spør*

GARTNERI



Lyssand

POSTBOKS 16, 5201 OS



WT OS INTERNASJONALE FILMFESTIVAL



Fjellheim 7-11.nov.007 www.wt-festivalen.no

Jubileumsrevy/ Fritiogalla



Foto: Hans Petter Aarseth

Her blir det nostalgi, vi har plukka ut godbitar frå dei tre tiåra med Fritio-revy. For det meste vil desse gamle innslaga bli framførte av dei same skodespelarane som ved førsteframsyinga. Vi kan sjå fram til eit kjenslefyllt gjensyn med Os Krinskor, og vi ser heller ikkje bort får at Ystanes'n vil dukka opp att, men med aktuelle kommentarar til utviklinga i Os. I tillegg vil vi visa videoklipp frå tidlegare revyar.

Mellom og etter forestillingane vert det sal av forfriskingar i kjellaren, med tonefølgje ved DJ.

Fjellheim

Laurdag

24. mars

kl. 18 og 21

Billettar

kr 150,-



BERGEN
FAMILIETEATER AS
har som målsetting å
stimulera
barna sin fantasi ved
hjelp av
enkle verkemiddel.
Bergen Familieteater er
støtta av:
-Bergen Kommune
-Hordaland Folkeakademi
-Hordaland
Fylkeskommune

Fjellheim
torsdag 22.3.

kl. 18

Billettar:

Vaksne kr. 80,

barn kr. 60



Barneforestillinga



Marius Larsen og Arvid Nilsson presenterer
Katten med støvlane
Ei eventyrstund for barn mellom 4 og 10 år,
basert på eit eventyr
av brørne Grimm.

Det var ein gong ein gammal møllar med
tre søner, eit esel og ein katt. Då møllaren
døydde, fekk den eldste sonen mølla, den
nest eldste eselet og
den yngste fekk katten. "Skaff meg eit par
støvlar, så eg kan visa meg blant folk. Det
skal du ikkje angra på", sa katten. Den
yngste sonen gjorde
som han vart beden om. Då begynte
spennande ting å skje...

Kommunikasjon er ein sentral del av spelet.
Scenografien er enkel og verknadsfull.

Det spirer og gror under Fritio 07

Spennande og nytt av året, vert temautstillinga i Os Kyrkje;

"Visst skal våren komme".

Her vil ein oppleva det gamle og vakre kyrkjerommet, rikt pryda av ny og visuell kunst. Alt i store format med ulike uttrykk og materialar.

I samband med utstillinga vert det kvar kveld framført levande musikk.

Det er spanande når lokale aktørar innan kunst og musikk kjem saman på denne måten. Ramma er sjeldan, samstundes som temaet er unikt og skapar livgjevande spenning og forventning!

Salsutstilling;
Kvar dag under Fritio,
kl. 13:00 - 20:00

Levande musikk;
Kvar kveld under Fritio
kl. 19:00 - 20:00

Gratis inngang!

Fritio-utstillinga



I år er Fritio-utstillinga todelt. I tillegg til å visa lokal kunst og handverk, har vi invitert ein hovudutstillar, osingen Astrid Drageset. Ho er utdanna ved Kunstakademiet i Bergen. Ho arbeider i skjeringspunktet mellom maleri og grafikk, eggtempera og tresnitt på linlerret. Ho har fleire gonger vore med i fellesprosjekt, og har deltatt på nokre utstillingar både i inn- og utland.

Opningstider:

Måndag 19.03. kl 11.30 – 18

Opningsmarkering med musikalsk innslag v/elevar frå Kongshaug musikkgymnas

Tysdag 20. – fredag 23.03. kl. 10-18

Laurdag 24.3. kl. 10-16.
Inngang kr 30,-

Barn under 16 år og skuleklassar gratis.

Sal av vaflar og kaffi v/Os Pensjonistforening

Os Musikkforening

Fjellheim

Tid:

Måndag

19.03. 2007

kl. 19.00

Billetter:

Vaksne kr

100,-

Barn og

pensjonistar

kr. 50,-

Skulekorps-

medlemmer

fri entré.



Omtale konsert mandag 19.03. 2007

Os Musikkforening vart stifta 10. november 1901 – eit korps med lange tradisjonar og stor aktivitet. I dag er vi ca. 35 aktive medlemmer. Gjennom året held korpset konsertar som nyttårs-, sommar-, og kyrkjekonsert, i tillegg til faste oppgåver som på 17.mai. Det vert arrangert musikkseminar, og vi deltar på konkurransar.

Os Musikkforening har også eit eige strykeorkester som kom med i foreininga i 1929. Sidan tidleg på 1990-tallet har Stryken hatt samarbeid med Os Musikk- og kulturskule. Sjå heimesida vår www.osmusikkforening.no Os Musikkforenings Janitsjarorkester presenterer på denne konserten musikk frå USA og Europa, i tillegg til norsk korpsmusikk; ein konsert som blir både variert og underhaldande. Dirigenten vår, Christian Breistein, er til dagleg kulturskulerektor i Masfjorden kommune og tubaist i Manger Musikklag.



Mikal Tønjum as



Nordea 

JERNIA

JERNIA *Sælen*

Osøyro - 5200 Os - Tlf. 56 30 44 90

Program Fritio 2007

Program Fritio 2007

Torsdag 15.03.07

Opning av Fritio 2007:

kl 18.30 Tenning av kola og fest på torget.

Fakkeltog til Fjellheim.

kl 19.00 Soul-konsert i Fjellheim

kl 13.00-20.00 alle dagar under Fritio: Kunstutstilling i Os kyrkje

Salsutstilling; levande musikk

kl. 19.00-20.00.

Fredag 16.3.07

kl 18.00 Kino i Fjellheim

Laurdag 17.3.07

kl 18.00 Krinsrevy

Søndag 18.3.07

kl 18.00 Krinsrevy

Måndag 19.3.07

kl 11.30 Fritioutstillinga opnar i

Oselvarnaustet

kl 19.00 Os Musikkforening i Fjellheim

Tysdag 20.3.07

kl 18.00 Krinsrevy

Onsdag 21. 3.07

kl 19.00 Korpsmønstring i Fjellheim

kl 19.00 Os kyrkje: Felleskonsert ved fem av kora i Os

Torsdag 22.3.07

kl 18.00 Barneforestilling i Fjellheim

Fredag 23.3.07

kl 20.00 Nattjazz i Fjellheim (kjellaren)

Lørdag 24.3.07

kl 18.00 og 21 Jubileumsrevy i Fjellheim

Søndag 25.3.07

kl 16.00 Internasjonal aftan i Fjellheim

Billetter fåast kjøpt på

Galleri OZ Og Musikkverket på Amfi Os

www.fritio.osfilm.no